




SPAREBANKSTIFTINGA FJALER



# Årsmelding 2010

## INNHOLD

- 1 Sparebankstiftinga Fjaler
- 3 Styrande organ i stiftinga
- 4 Styring og kontroll med stiftinga si verksemd
- 5 Styret si årsmelding
- 10 Rekneskap med notar
- 16 Revisjonsmelding

## **SPAREBANKSTIFTINGA FJALER**

Då Fjaler Sparebank 12.03.2010 valde å slå seg saman med Sparebanken Sogn og Fjordane, fekk vi ein ny bank med endå større slagkraft enn kvar av bankane hadde før. Formelt vart dei to bankane ein bank frå 01.09.2010.

Sparebanken Sogn og Fjordane var den første, store distriktsbanken som etablerte ei stifting i tråd med det nye lovverket til finansnæringa. Hovudformålet med omdanninga var å sikre at den oppsparte kapitalen i banken blir verande på lokale hender og opne for fusjon med andre bankar.

Ved samanslåinga vart ein stor del av grunnkapitalen i bankane overført til to stiftingar, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, og Sparebankstiftinga Fjaler. Det er desse to stiftingane som står som eigarar av banken.

### **Føremål**

**Sparebankstiftinga Fjaler har som mål å vere ein langsiktig eigar av Sparebanken Sogn og Fjordane, og samtidig gje delar av avkastninga si i gåver til allmennytige formål i Fjaler Sparebank sitt gamle nedslagsområde. Vårt eigarskap skal bygge på at SSF vidarefører sterke lokalbankstradisjonar i Fjaler, og at banken skal framstå som fylket sin leiande bankaktør.**

I stiftinga sine vedtekter finn ein følgjande føremålsparagraf (§1-2):

*Stiftinga sitt føremål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane.*

*Stiftinga skal i tillegg plassere midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkasting.*

*Stiftinga sitt føremål skal vidare vere å gje gåver til allmennytige føremål. Ved sine disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Fjaler Sparebank.*

*Ved si verksemد skal stiftinga støtte Sparebanken Sogn og Fjordane i banken sin vidareføring av sparebanktradisjonar.*

*Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og sparebanklova.*

## **Samfunnsaktør**

Ved sida av å vere ein langsiktig eigar av Sparebanken Sogn og Fjordane og sikre god lokalbankdrift i Fjaler, skal stiftinga ta over noko av den samfunnsrolla som sparebanken har i dag, m.a. i utdeling av gåver til allmennyttige formål. Folk i Fjalerområdet vil oppleve stiftinga gjennom pågående utdelinga, og vonlegvis vil ein sjå at stiftinga her kan bli ein betydeleg faktor i lokalsamfunnsutviklinga.

Med adressa til heimesida, [www.ifjaler.no](http://www.ifjaler.no), markerer vi at stiftinga ønsker å vere midt i folk sin kvar dag og bety noko i Fjaler Kommune.

Sparebankstiftinga Fjaler har i utgangspunktet ein kontantkapital på 3 millionar til utdeling til gåver i oppstartperioden. I tillegg vil det først og fremst vere avkastninga på eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane som er grunnlaget for pågående utdelinga. Stiftinga hadde i utgangspunktet eigenkapitalbevis til ein verdi av vel 106 millionar, men brukte noko av eigenkapitalen til å kjøpe seg opp med 5 millionar ekstra i eigenkapitalbevis. Stiftinga Fjaler eig dermed knapt 6% av eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane.

## **STYRANDE ORGAN I STIFTINGA**

### **Organisering**

Etter vedtekten skal stiftinga ha generalforsamling, styre og dagleg leiari.

### **Generalforsamlinga**

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgste organ og vel styret sine medlemmar. Generalforsamlinga vel òg revisor og fastset styret og revisor si godtgjersle. Generalforsamlinga godkjenner òg styret sitt årsoppgjer og fører tilsyn med stiftinga si verksemd.

Generalforsamlinga har etter vedtekten 16 medlemmar og 8 varamedlemmar. 8 medlemmar og 4 varamedlemmar er valde av Fjaler Kommunestyre og like mange er valde mellom innskytarane. Dei innskytarvalde medlemmane må ha bustadadresse Fjaler, og må dei siste 6 månadane ha minst 500 kr inneståande i banken. Ved første gong val vart dei som var valde i representantskapet i Fjaler Sparebank for inneverande periode, valde til å sitje i stiftinga si generalforsamling frå 1. september og fram til ordinært nyval i 2011.

Vala på dei innskytarvalde medlemmane skal skje innan utgangen av april, og då står to av medlemmane på val i lag med alle varamedlemmane. Kommunen sine representantar i generalforsamlinga blir valde ved konstitueringa av det nye kommunestyret, og dette vil no skje hausten 2011. Desse representantane blir valde for 4 år.

Desse sit no i generalforsamlinga, valde frå 01.09.10:

**Innskytarvalde:**

Målfrid Skår, Dale  
Harry Standal, Dale  
Åsa Stav, Dale  
Bjørn Hansen, Dale  
Terje Salbu, Dale  
Per Nedrebø, Straumsnes  
Oddrun Yndestad, Guddal  
Karen Kvamme, Dale

**Varamedlemmer:**

Astrid Standnes, Dale  
Lilly Nistad, Dale  
Atle Strand, Dale  
Marie Skadal, Dale

**Valde av kommunestyret:**

Jon Helle, Dale, leiar  
Terje Halsnes, Dale, nestleiar  
Ørjar Eiken, Hellevik  
Harald Vik, Guddal  
Else Brita Bogetveit, Dale  
Marita Solheim, Dale  
Leikny Dale, Dale  
Hallvard Haaland, Flekke

**Varamedlemmer**

Anny Mari Holm Solheim, Dale  
Annbjørg Eikenes, Hellevik  
Ainor Fristad, Dale  
Gunn Åse Løseth, Dale

**Styret**

Etter vedtekten skal styret ha 4-5 medlemmar og inntil 3 varamedlemmar.

Styremedlemmane og leiar er valde for 2 år om gongen. Halvparten blir valde kvart år, første gongen sit 2 i eitt år ved loddtrekning, men dei kan attveljast. Ved oppretting av stiftinga vart det sitjande styret i Fjaler Sparebank valde i styret, unntake dei tilsette sin representant.

**Styret valt frå 01.09.10:**

Geir-Arne Åsnes, Fana ,3 leiar  
Randi Engen, Guddal  
Ingvard Flekke, Flekke  
Marit Klausen, Holmedal

**Administrasjon:**

Frå 01.01.10 vart Edvin Helgheim tilsett som dagleg leiar i 25% stilling

**STYRING OG KONTROLL MED STIFTINGA SI VERKSEMD**

Viktige arbeidsoppgåver for styring og kontroll med verksemda i Sparebankstiftinga Fjaler :

- Sjå til at lover, vedtekter, reglar og etiske retningslinjer blir etterlevd
- Følgje opp vedtak og dokumenta som omfattar heile stiftinga si verksemrd

- Etablere rutinar som sikrar styrande organ tilfredsstillande innsikt og kontroll med verksemda. Dette gjeld stiftinga sine investeringar, gåvetildeling og forvaltning av stiftinga sine verdiar
- Gje stiftinga sine interessegrupper og folk flest innsyn i korleis verdiar og gáveinstituttet blir forvalta

Styret har gjennom stiftingsdokumenta og vedtekter lagt ein strategi for korleis stiftinga sine verdiar blir forvalta på ein sikker og god måte, og som kan sikre at stiftinga kan oppfylle målet om eit tilfredsstillande utbytte og god verdiauke på eigenkapitalbevisa.

Ansvarsfordelinga mellom styret og administrasjonen er fastsett gjennom instruks for styret og dagleg leiar.

Stiftinga har oppretta ei nettside, [www.ifjaler.no](http://www.ifjaler.no) som blir ein viktig informasjonskanal for banken sine interessegrupper, folkevalde og folk flest om stiftinga si verksemd, ikkje minst det som gjeld den utoverretta verksemda som går på gávetildeling. Sida viser stiftinga sine retningslinjer for gávetildeling, søknadsskjema og oversikt over gávetidelningar. Samtidig legg stiftinga vekt på at heimesida ikkje er einaste informasjonskanalen og einaste måten å söke om gáver på, slik at dei som ikkje er nettbrukarar, blir forhindra frå å söke. I tillegg til gávestrategien legg stiftinga ut sin eigarstrategi og sin strategi for kapitalforvaltning. Etter kvart som stiftinga utarbeider nye retningslinjer, vil dei bli publiserte på heimesida.

## STYRET SI ÅRSMELDING 2010

### Bakgrunn

I juni 2009 vart det gjennom endringar i Finaniseringsvirksomhetsloven opna for nye samanslutningar og strukturendringar for norske bankar. Mellom kan grunnfond i sparebankar bli omdanna til eigarandelskapital. Denne kapitalen kan leggast i ei stifting som så blir eigar i den banken som blir førd vidare.

12.mars 2010 vedtok forstandarskapet i Sparebanken Sogn og Fjordane og forstandarskapet i Fjaler Sparebank ei samanslåingsavtale slik at Sparebanken Sogn og Fjordane overtok bankverksemda i Fjaler Sparebank. Det vart samstundes vedteke å omdanne store delar av grunnfonda i bankane til eigarandelskapital. 15.juni 2010 vart samanslåingsavtalen og vedtekter godkjende av Finanstilsynet.

Sparebankstiftinga Fjaler eig 5,88% av eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane.

### Føremål og verksemd

Etter vedtekten skal Sparebankstiftinga

- stå for eit langsiktig og stabilt eigeskap i Sparebanken Sogn og Fjordane
- forvalte eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og fjordane som stiftinga vart tilført ved skipinga
- vidareføre sparebanktradisjonen ved m.a. å gje delar av overskotet til allmennytige formål

Ved si verksemd skal stiftinga støtte Sparebanken Sogn og Fjordane og vere med å sikre dei lokalbanktradisjonane i Fjaler som Fjaler Sparebank representerte. Den kapitalen stiftinga vart tilførd, kjem i hovudsak frå den kapitalen som er bygd opp gjennom bankverksemda i Fjaler Sparebank.

### Eigedelar i stiftinga

Stiftinga vart skipa med ein grunnkapital på kr 106 453 000 fordelt på 1 064 530 eigenkapitalbevis pålydande 100 kr i Sparebanken Sogn og Fjordane. Stiftinga vart i tillegg skipa med annan eigenkapital på kr 5 000 000 fordelt på 50 000 eigenkapitalbevis i tillegg til eit kontantbeløp på kr 17 355 130 og kr 3 000 000 (øyremerka til gáveutdeling). Sum eigedelar ved skipinga var då kr 131 808 130 , og eigenkapitalen var kr 131 545 147.

Samla eigenkapital ved årsskiftet er på kr 130 576 568. Sum eigedelar ved årsskiftet var kr 131 846 543.

### Resultat

Stiftinga har vore i drift i 4 månader. Einaste inntekt denne første perioden har vore renteinntekter på inneståande kapital på kr 161 829. Utbytte på eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane kjem først til utbetaling og blir førde i rekneskapen i 2011. Ordinære driftsutgifter har vore på kr 123 980 slik at ein på drifta har eit overskot på kr 37 921.

### Gåver

Styret har fordelt kr 1 006 500 kr i gåver til almennytige formål. Desse midlane blir betalt ut i 2011 og blir då tekne av avsette midlar til gáveformål. I skipingsdokumenta var det føresett at stiftinga kunne disponere kr 3.000.000 av kontantvederlaget til gáveformål. Dette var ikkje reflektert i opningsbalansen, og denne disponeringa vert difor gjort per 31.12.10, jamfør note 4 til årsrekneskapen.

### Strategi for kapitalforvaltning

I føremålsparagrafen til Sparebankstiftinga Fjaler heiter det at stiftinga skal stå for eit langsigktig og stabilt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane, og at midlar som stiftinga har til rådvelde skal plasserast på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Stiftinga vart skipa med ein grunnkapital på 1.064.530 eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane kvart pålydande kr. 100,- (NOK 106.453.000). Eigenkapitalbevis og kontantar som stiftinga måtte få utover dei eigenkapitalbevis som stiftinga er tilført ved opprettinga som vederlag for bokførte verdiar i Fjaler Sparebank, kan disponerast fritt av styret.

Stiftinga vil prioritere langsigktig og stabilt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane. Styret legg derfor til grunn at eigenkapitalbevis som utgjer grunnkapital, 1.064.530 stk, ikkje skal realiserast. Eit eventuelt nedsal her vil verte førelangt generalforsamlinga til stiftinga.

Sparebankstiftinga Fjaler har på etableringstidspunktet ein eigardel i Sparebanken Sogn og Fjordane på knapt 6%. Styret ser at denne eigardelen kan verte redusert om Sparebanken Sogn og Fjordane emiterer etter ny kapital.

Styret vil elles syte for at kapitalforvaltninga til stiftinga vert utført på ein måte som gjev høgst mogleg risikojustert avkastning.

Det skal byggast opp ein likviditet over tid som tilsvarer om lag 3 års drift i stiftinga (til drift og allmennytige gåver). Denne likviditeten skal vere i hovudsak bankinnskot og pengemarknadsfond.

I stiftinga sin kapitalforvaltning skal ein vere aktsam med omsyn til investeringar som utgjer ein ikkje akseptabel risiko for medverknad til uetiske handlingar.

Styret har som ledd i kapitalforvaltninga vedteke retningslinjer for plasseringar og investeringar i Sparebankstiftinga Fjaler. Det er til no plassert ca 5 millionar i aksjar i norske selskap. Desse er henta frå hovedlista over norske selskap på Oslo Børs med mindre vurdert risiko, og det er i samsvar med retningslinjene plassert maksimalt 1 million i eit selskap. Plasseringane er langsiktige og det er ikkje lagt opp til "daytrading" for å hente ut kortsiktig gevinst, men vi har ein filosofi som går på at langsiktig eigarskap vil lønne seg. Men det er alltid ein risiko for at vi kan tape pengar på verdipapir, og derfor vil dette aldri bli ein stor del av pengeplasseringa.

### Gåver til allmennytige formål

Då stiftinga vart oppretta, vart det forhandla fram ein avtale der stiftinga fekk ein ekstra kontantpott på 3 millionar til gåveutdeling til allmennytige formål i oppstartperioden. Dermed hadde stiftinga, ulikt andre tilsvarande stiftingar, midlar til gåveutdeling alt i første driftsåret. Stiftinga mottar utbytte på sine eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane for 2010, men dette utbyttet blir først inntektsført i 2011. Forstandarskapet i banken gjorde i møte 28.02.11 vedtak om eit samla utbytte på 26,3 millionar, og av det tilfell vel 1,5 millionar Sparebankstiftinga Fjaler. Advokatfirmaet Selmer har, etter å sett våre skipingsdokument opp mot Finansdepartementet sin praksis, stadfestat at vi i 2011 kan nytte inntil 50% av utbyttet frå 2010 til gåveformål i 2011. Det er generalforsamlinga som avgjer kor stor del av utbyttet som kan utdelast i 2011 innafor desse rammene.

Desse retningslinjene for gåvetildeling er vedtekne:

Styret i Sparebankstiftinga Fjaler har som mål at deler av stiftinga sitt overskot skal verte gitt som årlege gåver til allmennytige føremål. Dette skal auke trivselen for dei som oppheld seg i nærmiljøet. Stiftinga skal i sin verksemد først og fremst prioritere gåver i det distriktet som har bygd opp grunnkapitalen (sparebanken sitt fond) i tidlegare Fjaler Sparebank. Styret i stiftinga kan til kvar søknadsperiode peike på eitt eller fleire prioriterte gåveføremål.

Stiftinga vil gjennom gåvetildeling prioritere:

- tiltak som gjer lokalsamfunnet til ein trivelegare stad å vere, som skaper aktivitet og samhald
- tiltak som kjem mange til gode
- tiltak som er retta mot barn og unge
- tiltak som løftar frivillig engasjement og dugnadsvilje
- tiltak med langvarig nytte vert prioritert framføre kortsiktige arrangement

Stiftinga vil ikkje prioritere:

- naturlege sponsorobjekt
- politiske parti eller organ som lett kan knytast til partipolitikk
- støtte til bedrifter eller næringsverksemd med unntak for Sparebankstiftinga Fjaler sitt næringsfond
- støtte til kommune eller kommunal etat
- støtte til forskning

Stiftinga legg opp til 2 årlege søknadsrundar for gåver til allmennytige føremål, ei om våren og ei om hausten. Søknadsfrist vert 15. mars med tildeling i mai/juni, og 15. september med tildeling i okt/nov. Styret vil sørge for god kunngjering og informasjon om gåveprosessen. Styret i stiftinga legg vekt på å vere open og gje stiftinga sine interessenter den informasjon som er nødvendig. Det er eitt viktig unntak her – styret vil ikkje grunngje kvifor tiltak har fått tildelt gåvemidlar eller ikkje.

### **Disponering av overskot**

Sparebankstiftinga Fjaler si generalforsamling vil kvart år fastsette storleiken på midlar til gåveføremål. Stiftinga tek sikte på å disponere ein forsvarleg del av overskotet til allmennytige gåver. Den årlege tildelinga av gåver vil derfor variere noko frå år til anna. Stiftinga vil likevel ha som målsetting ein viss stabilitet i gåvetildelinga. Følgjande retningslinjer ligg til grunn for disponering av overskot til allmennytige gåver:

- normalt vil årleg tildeling av allmennytige gåver utgjere inntil 60% av overskotet
- det vert prioritert å bygge opp gåvefond som kan nyttast i år med svakare økonomiske resultat
- det vert prioritert å bygge opp gåvefond til bruk for større lokale tiltak. I slike tilfelle kan ei årleg tildeling vere større enn 60% av overskotet så lenge dette er forsvarleg

### **Tilhøvet til Sparebanken Sogn og Fjordane**

Sparebankstiftinga er ein mindretalsseigar i banken og vil derfor berre med godt samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane kunne nå gjennom med framlegg og tiltak som er til beste for stiftinga sitt formål og område. Samtidig er utbytte frå banken stiftinga si viktigaste inntektskjelde. Derfor vil styret og administrasjon arbeide for eit godt samarbeid som bidrar til verdiskaping for både bank og stifting.

Stiftinga vil aktivt söke posisjonar i banken sine organ og er i dag representert i banken sitt styre, forstandarskap og valkomite.

Stiftinga vil støtte tiltak som gjev eigenkapitalbevisa god og stabil verdiutvikling og avkastning, samtidig som banken står støtt. Derfor vil stiftinga gjennom sitt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane arbeide for at banken driv si verksemd i tråd med solide norske sparebanktradisjonar og verdiar med ein moderat risikoprofil og god balanse mellom bedrifts- og personmarknad. Samtidig er det viktig for Sparebankstiftinga Fjaler at banken har ei god utvikling i heile sin region og fører vidare den aktive sparebankprofilen i Fjaler Sparebank sitt gamle nedslagsområde.

#### **Andre tilhøve ved drifta**

Sparebankstiftinga Fjaler leiger kontor i Sparebanken Sogn og Fjordane sine lokale i Dale. Stiftinga har ein tilsett dagleg leiar i 25% stilling. Stillingsstorleiken skal vurderast etter eitt år drift.

Styret vil arbeide for at stiftinga har eit godt arbeidsmiljø og eit godt samarbeidsklima med tilsette i Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.


Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

Den framlagde rekneskapen gjev ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

#### **Framtidsutsikter**

I 2011 får stiftinga utbetalt utbytte på eigenkapitalbevisa på vel 1,5 mill. Saman med dei føresetnader som er lagt til grunn i stiftinga sin strategi for kapitalforvaltning og for gåvetildeling, tyder alt på stiftinga får ei sunn og sikker utvikling.


Dale 11.april 2011

  
Geir-Arne Åsnes, styreleiar

  
Marit Reidun Klausen

  
Randi Oddny Engen

  
Ingvard Andreas Flekke

  
Edvin Helgheim  
Dagleg leiar

# Resultatrekneskap

## Sparebankstiftinga Fjaler

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2010
Lønskostnad	6	80 106
Annan driftskostnad		43 802
Sum driftskostnader		<u><b>123 908</b></u>
Driftsresultat		<u><b>-123 908</b></u>
Finansinntekter og finanskostnader		
Anna renteinntekt	2	161 829
Resultat av finanspostar		<u><b>161 829</b></u>
Resultat før skattekostnad		<u><b>37 921</b></u>
Ordinært resultat		<u><b>37 921</b></u>
Årsoverskot(Årsunderskot)	4	<u><b>37 921</b></u>
Disponering		
Avsett til gåver		3 000 000
Overføring frå annan eigenkapital		2 962 079
Sum disponeringar		<u><b>37 921</b></u>

# Balanse

## Sparebankstiftinga Fjaler


Eigedelar	Note	2010	Opningsbalanse
Anleggsmiddel			
Finansielle anleggsmiddel			
Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane	3	106 453 000	106 453 000
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>106 453 000</u>	<u>106 453 000</u>
Sumanleggsmiddel		<u>106 453 000</u>	<u>106 453 000</u>
Omløpsmiddel			
Krav på betaling av kontantar		0	17 355 130
Krav på kontantar gåvetildeling	8	0	3 000 000
Sum krav		<u>0</u>	<u>20 355 130</u>
Investeringar			
Marknadsbaserte aksjar	5	5 016 843	0
Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane	3, 5	5 000 000	5 000 000
Sum investeringar		<u>10 016 843</u>	<u>5 000 000</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	2	15 376 700	0
Sum omløpsmiddel		<u>25 393 543</u>	<u>25 355 130</u>
Sum eigedelar		<u>131 846 543</u>	<u>131 808 130</u>

# Balanse

## Sparebankstiftinga Fjaler

Eigenkapital og gjeld	Note	2010	Opningsbalanse
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital	4	106 453 000	106 453 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>106 453 000</u>	<u>106 453 000</u>
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	4	22 130 068	25 092 147
Sum opptent eigenkapital		<u>22 130 068</u>	<u>25 092 147</u>
Sum eigenkapital	4	<u>128 583 068</u>	<u>131 545 147</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		9 953	0
Betalbar skatt	7	212 983	212 983
Skuldige offentlege avgifter	6	35 575	0
Anna kortsiktig gjeld	8	<u>3 004 963</u>	<u>50 000</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>3 263 474</u>	<u>262 983</u>
Sum gjeld		<u>3 263 474</u>	<u>262 983</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>131 846 543</u>	<u>131 808 130</u>


Dale, 11.04.2011  
Styret i Sparebankstiftinga Fjaler




Geir Arne Asnes  
Styreleiar



Ingvard Andreas Flekke  
Styremedlem



Marit Reidun Klausen  
Styremedlem



Randi Oddny Engen  
Styremedlem



Edvin Helgheim  
Daglegleiar

## **NOTAR**

### **NOTE 1. Rekneskapsprinsipp**

Sparebankstiftinga Fjaler vart skipa 01.09.2010 og er lokalisert i Fjaler. Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova, norske rekneskapsstandardar og reglar for små føretak.

#### **Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld**

Egedelar skaffa til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmiddel. Andre egedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifiserte som omløpsmiddel. Anleggsmiddel er vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere forbigåande. Børsnoterte finansielle anleggsmiddel vert nedskrivne til marknadsverdi uavhengig av om verdifallet er venta å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Omløpsmiddel er vurderte til lavaste av kostpris og verkeleg verdi.

#### **Marknadsbaserte finansielle omløpsmiddele**

Aksjar, eigenkapitalbevis og andre egedelar som inngår i ein handelsportefølje vert vurderte for heile porteføljen til det lavaste av kostpris eller verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbytte og andre utdelingar frå selskapa vert vurdert som anna finansinntekt. Utbytte inntektsførast når det vert utbetalt.

#### **Varige driftsmiddele**

Varige driftsmiddele vert balanseførde og avskrivne over driftsmiddelet si levetid.

### **NOTE 2. Bankinnskot, renteinntekter og utbytte**

Renter frå innskot i bank utgjer totalt kr 161.829.- i 2010.

Sum inneståande i bank pr. 31.12.10 utgjer kr 15.376.699.-, herav kr 27.902.- på skattetrekkskonto.

I 2011 er det motteke utbytte kr 1.544.029 frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette utbyttet vert inntektsført i 2011-rekneskapen.

### **NOTE 3. Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane**

	<b>Eigarandel</b>	<b>Tal eigen- kapitalbevis</b>	<b>Pålydande</b>	<b>Kostpris</b>
Sparebanken Sogn og Fjordane	5,88 %	1.114.530	100	111.453.000

Stiftinga eigde 1.114.530 eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane pr 31.12.10. Desse er vurderte og bokførde til pålydande kurs kr 100.-. 1.064.530 av eigenkapitalbevisa til kurs à kr 100.- utgjer grunnkapitalen i Sparebankstiftinga Fjaler.

## NOTAR

### NOTE 4. Eigenkapital

	<b>Grunnkapital</b>	<b>Overkursfond</b>	<b>Annan eigenkapital</b>	<b>Sum eigenkapital</b>
Opningsbalanse	106 453 000	0	25 092 147	<b>131 545 147</b>
<b>Pr 01.09.2010</b>	<b>106 453 000</b>	<b>0</b>	<b>25 092 147</b>	<b>131 545 147</b>
Pr. 01.09.2010	106 453 000	0	25 092 147	<b>131 545 147</b>
Årsresultat			37 921	<b>37 921</b>
Avsett til gåver			- 3 000 000	<b>-3 000 000</b>
<b>Pr 31.12.2010</b>	<b>106 453 000</b>	<b>0</b>	<b>22 130 068</b>	<b>128 583 068</b>

### NOTE 5. Marknadsbaserte aksjar, eigenkapitalbevis

	<b>31.12.2010</b>
Aksjar	5.016.843.-
Eigenkapitalbevis	5.000.000.-
Sum finansielle investeringar	10.016.843.-

Plassering i aksjar og eigenkapitalbevis inngår i ei handelsportefølje og vert vurdert for heile porteføljen til det lavaste av kostpris eller marknadsverdi på balansedagen. Netto realisert og urealisert vinst/tap er ført som anna finansinntekt.

For 2010 er det ein urealisert, ikkje bokført vinst på investeringa i aksjar på kr 419.307.-.

### NOTE 6. Løn og godtgjersle tilsette, styre og generalforsamling m.m.

<b>Lønskostnader</b>	<b>2010</b>
Løner	72 429
Arbeidsgjeveravgift	7 677
Pensjonskostnader	0
Andre ytingar	0
<b>Sum</b>	<b>80 106</b>

Gjennomsnittleg tal årsverk: 0,25 på årsbasis.

<b>Ytingar til leiande personar</b>	<b>Dagleg leiar</b>	<b>Styre</b>
Løn	29 166	38 300
Pensjonsutgifter		
Annan godtgjersle		
Pensjonsordning vil verte etablert i 2011.		

### Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2010 utgjer kr 5.000.-.

## **NOTAR**

### **NOTE 7. Skatt**

I samband med overdraging av sparebankverksemد og etablering av sparebankstifting vart det søkt om skattefritak etter Skattelova § 11-22 vedrørende samanslåing av Sparebanken Sogn og Fjordane og Fjaler Sparebank. Skuldig, betalbar skatt skriv seg frå skattbar del av kontantvederlag ved etablering av Sparebankstiftinga Fjaler.

Kontantvederlag som vert skattlagt som utbytte	kr 25.355.130.-
Skattepliktig inntekt, 3% av samla kontantvederlag	kr 760.654.-
Skatt 28 %	kr 212.983.-

Sparebankstiftinga reknar seg elles som ei skattefri stifting i samsvar med skattelova § 2-32. Dette er i samsvar med praksis for tilsvarende stiftingar i Noreg. Skatt av formue og inntekt er difor ikkje avsett som kostnad i rekneskapen for Sparebankstiftinga Fjaler for 2010. Spørsmålet om skatteplikt for Sparebankstiftingar er ikkje endeleg avklart, men det er venta ei avklaring i løpet av april 2011.

### **NOTE 8. Avsett til gaver**

I skipingsdokumentet til sparebankstiftinga er det regulert at kontantbeløp som sparebankstiftinga vart tilført ved etableringa kan nyttast til gáveformål. I samsvar med dette er kr 3.000.000 av stiftinga sin kapital avsett til gáveformål og er sett opp under anna kortsiktig gjeld.. Styret i Sparebankstiftinga Fjaler har i 2010 delt ut gáver til almennyttige føremål med kr 1.006.500 som vert utbetalt i 2011.

Til styret i Sparebankstiftinga Fjaler

## Melding frå revisor

### Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sparebankstiftinga Fjaler, som er samansett av balanse per 31. desember 2010, aktivitetsrekneskap som viser eit overskot på kr 37 921 for rekneskapsåret avslutta per denne datoен, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

#### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilet i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningsane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga si utarbeidning av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilet. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga si interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av den finansielle stillinga til Sparebankstiftinga Fjaler per 31. desember 2010, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Fråsegn om andre tilhøve

#### *Konklusjon om årsmeldinga*



Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningsane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

*Konklusjon om utdelingar og forvaltning*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at stiftinga er forvalta og utdelingar er utført i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtekten for øvrig.

Førde, 11. april 2011  
**PricewaterhouseCoopers AS**

  
Jan Flølo  
Statsautorisert revisor